



## **Folkemøte om framlagt områdereguleringsplan for Langelandskogen**

I forbindelse med digitalt folkemøte for framlagt områdereguleringsplan for Langelandskogen, den 19.01.2022, kom det inn eitt spørsmål. Spørsmålet er svart ut i dette dokumentet.

### Spørsmål 1

Ønsker ei begrunning for lokalisering av kyrkje og ungdomsskule, når det gjelde topografi, solforhold, infrastruktur, trafikk og støy m.m.

### Svar på spørsmål 1

Bestillinga for planarbeidet er å vurdere mellom anna kyrkje og ungdomsskule i Langelandskogen. Framlagt områdereguleringsplan svarar ut spørsmålet når det gjeld dei nemnde forholda som topografi, sol, støy m.m. i Langelandskogen.

Planframlegget set av to områder til offentleg eller privat tenesteyting. Offentleg eller privat tenesteyting opnar for moglegheit for å bygge ungdomsskule og kyrkje.

Planframlegget bestemmer ikkje nøyaktig plasseringa av kyrkje og ungdomsskule innforbi desse areala. Plassering må vurderast ved vidare detaljregulering.

Planframlegget bestemmer heller ikkje at det skal byggast kyrkje og skule i Langelandskogen, men den opnar for ein moglegheit.

Ein viktig premiss for tidlegare Meland kommune ved oppstart av planarbeidet, var å sette av areal til offentleg føremål i Frekhaug. Det er framleis eit viktig mål. Areal for offentlege funksjonar i Frekhaug er viktig for sentrumsutviklinga til lokalsenteret.